Føreord – Norsk litterær årbok 2024

Årbok med nytt forlag

I 2022 sende dei førre redaktørane av *Norsk litterær årbok* (*NLÅ*) ut ei innkalling til eit møte: Benedikt Jager og Nora Simonhjell søkte etter ny redaksjon for tidsskriftet. Samtidig varsla dei ei stor endring: Det Norske Samlaget, som har stade som utgjevar sidan skipinga av *NLÅ*, valde å ikkje gje ut årboka lenger. Det hadde konsekvensar. For det fyrste var det fare for at *NLÅ* no ville gå inn. Og dersom det lukkast å berge *NLÅ*, ville det medføre store endringar i innhaldet og profilen til *NLÅ*. Heldigvis gjorde Jager og Simonhjell ein formidabel innsats ved å forhandle seg fram til eit nytt forlag – Novus forlag, som alt har fleire akademiske tidsskrift under vengene. Vi i den nye redaksjonen er takksame for det store arbeidet dei to la i dette bergingsarbeidet. *NLÅ* er no kome til ei trygg hamn og vonar på eit godt samarbeid med Novus forlag i komande år.

NLÅ har ei lang soge. Vi som nye redaktørar vil både lyfte fram nokre høgdepunkt i tradisjonen og peike på nokre endringar i framhaldet. Årboka vart skipa i 1966, med Leif Mæhle som redaktør og Otto Hageberg som redaksjonssekretær. Dei var den gong begge tilsette ved Universitetet i Oslo. Frå 1984 vart Geir Mork med i redaksjonen. Sidan vart det ny Oslo-redaksjon med Hans H. Skei og Einar Vannebo (1989–2002), innan Universitetet i Bergen vart vertskap, fyrst med Eirik Vassenden og Jørgen Magnus Sejersted (2003–2010), dinest Heming Gujord og Per Arne Michelsen (2011–2016), innan altså Jager og Simonhjell høvesvis ved universiteta ved Stavanger og Agder tok over redaksjonen (2017–2023). Planen var at eit av dei aller nyaste universiteta denne gongen skulle ta over stafettpinnen, Nord universitet. Ronny Spaans var ved nemnde *NLÅ*-møte tilsett ved dette universitetet, campus Bodø, men var på veg til ny stilling ved Universitetet i Oslo; redaksjonsoppdraget vart med attende dit. Christopher Messelt arbeidde på dette tidspunktet ved NTNU i Trondheim, men også han var på veg til ny jobb, på Høgskolen i Østfold. Vi bryt dermed tradisjonen med ein *NLÅ*-redaksjon hovudsakleg tilknytt éin lærestad, men me vonar det vil vera ein ressurs; ulike institusjonar har kvar sine miljø, fagtradisjonar og samfunnsoppdrag. Den nye redaksjonen samar-

beider godt på tvers av fylkesgrensa, og kranglar heller ikkje så mykje. Det lovar godt.

I innleiinga til *NLÅ* 2014 skriv Heming Gujord og Per Arne Michelsen at «*NLÅ* finst ikkje i digital utgåve. Sant å seie har vi også vanskeleg for å sjå korleis ein saumlaust kan fase om ei *årbok* frå skrift på prent til digitalt medium. […] Sant nok ønskjer vi å reflektere medieutviklinga, men vi ønskjer ikkje at medieutviklinga skal gjere det av med oss». Det er som kjent vanskeleg å spå, men allereie ti år etter, er framtida her. For med overgangen til Novus fylgjer også digital publisering, med tilhøyrande lingo (nykelord og samandrag), både i verdsvev- og prenta versjon. Vonleg gjer digitaliseringa sitt til at artiklane blir meir tilgjengelege, om enn vi med den limfresa versjonen framleis søkjer å tilfredsstille dei mange av oss som føretrekkjer å lesa på papir, med eller utan blyant i handa. Som tidlegare redaktør Skei skriv i sin jubileumsartikkel om *NLÅ* i 2015-utgåva: «det motsette av utvikling og fornying er stillstand og død». Alvorleg, men òg kveikjande! Slik blir *NLÅ* førebels ikkje teke rotta på av medieutviklinga; i beste fall blir ho lesen av fleire.

Mæhle og Hageberg ville i si tid gje *NLÅ* ei anna rolle enn forskingstidsskriftet *Edda*; *NLÅ* skulle vera eit «forum for kontakt og møte mellom diktar – kritikar – granskar – lesar», som det står i føreordet til det fyrste nummeret av årboka. Dei ynskte å fylle eit tomrom mellom det litterære offentlege rommet i pressa og tidsskrift på eine sida og akademia på hi. Tidsskriftrangering, internasjonal publisering og tverrfaglege prosjekt har endra noko av korleis litteraturgranskarar publiserer. Det er ikkje berre av det gale, slik refrenget i forfallsoger ofte læt. Eit turt faktum er i alle høve at utan stønad blir *NLÅ* framover noko anna enn det formidlande organet ho dels har vore fram til i fjor. Endringa i finansieringsvilkåra bidreg til at avstanden blir stendig lengre frå det opphavlege programmet for årboka. Dette nummeret av *NLÅ* ligg difor nærare tradisjonelle akademiske publikasjonar enn ynskjeleg. Tidlegare postar som dei kritiske gjennomgangane av romanåret, lyrikkåret, kritikkåret, sakprosaåret, vinnaren av Nordisk råds litteraturpris osb. fell bort. Det gjer òg andre typar bidrag som ikkje er strengt akademiske: Helsings- og jubileumsartiklar, populærvitskaplege presentasjonar og debattinnlegg. Dei som opnar *NLÅ* 2024, vil difor sakne mykje av det tradisjonelle stoffet i årboka. Men det er dermed ikkje sagt at desse bidraga, som førde denne akademiske publikasjonen nærare eit ålment publikum, ikkje kan koma attende att. Det vil framtid vise. I alle høve speglar *NLÅ* 2024 ei endring i norsk litteraturforsking og -formidling.

Men heilt frigjort det litterære offentlege rommet er dette nummeret av *NLÅ* heldigvis ikkje. I år er det 100 år sidan Arne Garborg gjekk bort. Det har vorte

markert i både aviser (Dag og Tid) og ved museum i landet (Garborgsenteret på Bryne). I dette nummeret gjev Espen Grønlie ei nylesing av *Haugtussa* (1895), som tek utgangspunkt i korleis resepsjonen har vurdert «naturen» i langdiktet. Grønlie syner korleis dei tolkingane av verket er mest heldige, som legg størst vekt på mennesket sjølv som natur. Veslemøys utvikling er dermed ikkje ei atterspegling av naturen kring henne, men ein del av han. Jon Fosse vart i fjor tildelt nobelprisen. Jamvel om vi no er komne til 2024, feirar vi òg denne prisutdelinga med ein analyse av *Kvitleik* (2023). Gjennom ei intertekstuell undersøking peikar Øyvind Tveitereid Gulliksen på Fosses inspirasjonskjelder – alt frå Dante, i den kjende attdiktinga til Henrik Rytter og Sigmund Skard – til *Moby Dick* av Herman Melville. I fjor gjekk Hans Herbjørnsrud bort. Dette nummeret av *NLÅ* markerer òg novellekunsten til denne for mange kjære forfattaren gjennom ein undersøking Kjell Ivar Skjerdingstad har gjort. I sin artikkel argumenterer han for at Herbjørnsrud i fleire noveller produserer eit nærvær hjå lesaren, og ved å nytte «skulptur» som metafor, viser Skjerdingstad korleis skulpturen dukkar opp som kalligram hos Herbjørnsrud, men òg korleis skulpturering og skulpturar i ulikt material stig fram i fleire noveller.

Lesaren vil vidare finne andre spennande artiklar i dette nummeret. Det er ekstra hyggjeleg å ha ein ung litteraturforskar med på laget, Ingrid Lorange, som i fjor vart master på basis av ei oppgåve om bruken av levende modellar i forfattarskapen til Laura Kieler. Artikkelen hennar er ein omarbeidd versjon av delar av masteroppgåva. Lorange gjer ei nylesing av den samtidige resepsjonen av Kielers *Mænd af Ære* (1890) og Gunnar Heibergs *Kong Midas* (1890), og viser korleis Kieler – uretvist – møtte større motbør enn forfattarkollegaen Heiberg. Vi kan òg tilby tre andre artiklar: Ståle Dingstad undersøkjer korleis Absalon Pederssøn Beyers *Om Norgis rige* (1567) blir oppfatta av den fiktive karakteren og historikaren ved namn Fjord i Dag Solstads *Roman 1987*. I same artikkel ser Dingstad òg resepsjonen av Beyers noregsskildring i lys av Solstads roman. Morten Auklend har òg levert eit forvitneleg bidrag som etablerer kontakt mellom eit moderne og eit historisk verk. Auklend granskar i sin artikkel ei rekkje allusjonar i Ingvild Burkeys diktsamling *Den mest tenkelige av alle verdener* (2008) til filosofen Leibniz' *Monadologien* (1714). Ei nærlesing av lyrikk avsluttar også årboka. Hadle Oftedal Andersen les Inger Elisabeth Hansens dikt «Bruk og misbruk av klippeblåvingen» frå *Å resirkulere lengselsen, avrenning foregår* (2015), der han knyter seg til Timothy Mortons utgreiing av sambandet mellom økokritikk og dekonstruksjon.

Dette nummeret inneheld altså sju akademiske bidrag. *NLÅ* 2024 er dermed stuttare enn dei tidlegare årgangane. Det kjem primært av bortfallet av dei faste bidraga. Men redaksjonen fekk òg inn færre artiklar enn venta. Det handlar kan

hende om ein nordistikk i endring og ei endring i måtar å arbeide og stader å publisere: Mange litteraturvitarar er tilsett i profesjonsretta fagmiljø, noko som pregar litteraturvitskapen så vel som norskdidaktikken. I dei seinare åra har det dukka opp nye tidsskrift som speglar att dette mangfaldet, til dømes *ELLA* – Education, Literature, Language – utdanning, litteratur, språk, som gjerne har tematiske utgjevingar. I tillegg kjem den gradvise endringa som litteraturforskarar arbeider etter, det vere medviten publisering etter nivårangering eller meir tverrfaglege og internasjonale samarbeidsprosjekt; slikt blir det òg andre formar for publikasjonar av, for ikkje seia andre former for litteraturvitskap. Ein konsekvens av ein slik utvikling, er at litteraturhistorie og nærlesinga i dag er éin av mange fleire faglege ingrediensar. To av bidraga i dette nummeret handlar om nyare lyrikk, andre gjer nedslag i forfattarskapar eller tekstar som har kveikt interesse hjå forskarar, og som fell utanfor større forskingsprosjekt eller tematiske satsingar. Slike mangslungne endringar bidreg til at *NLÅ* framleis har livsens rett som kanal også for den meir tradisjonelle litteraturvitskapen.

Kva skal prege og kjenneteikne *NLÅ* dei kommande åra? Fram mot neste utgjeving vil vi diskutere andre mogelege bidrag og genrar til tidsskriftet. I mellomtida oppmodar vi – særleg unge – forskarar til å sende inn bidrag.

God lesnad!

Ronny Spaans og Christopher Messelt